

## Kva oppgåver har lokal koordinator i SOReg-N?

Den lokale koordinatoren i SOReg-N skal til ei kvar tid ha **oversikt over kven som har brukartilgang ved sitt sjukehus**.

Når ein **ny brukar** skal leggjast til skal lokal koordinator gi beskjed til registeradministrasjonen på epost [soreg-norge@helse-bergen.no](mailto:soreg-norge@helse-bergen.no) med den nye brukaren sitt namn og kva rolle som skal tildelast (lokal brukar eller lokal koordinator).

Når nokon av dei som registrerer **sluttar** skal den lokale koordinatoren gje registeradministrasjonen beskjed om å slette brukaren frå registeret.

Ei anna viktig oppgåve for koordinatoren er å **vere bindeledd** mellom administrasjonen og brukarane, og formidle vidare informasjon om endringar og anna.

Enkelte funksjonar er det berre koordinator som kan utføre:

- Å krysse av for at pasienten vegrar seg for å måle vekt på oppfølgings skjema, og
- Å sjekke pasientlogg (ein funksjon som enno ikkje er i bruk).